

## Referat frå styremøte 17.02.26

**Stad:** Tjørhom grendehus, 2. etasje

**Sak 01/2025 Godkjenning av sakliste og referat frå siste møte**  
Godkjende

**Sak 02/2025 Rekneskap v/Monica**

**Sak 06/2025 Saker på årsplan 2024-2025**

- a) Peparkakebygda – evaluering  
Vellukka, men pass på å få med begge arrangørar og at det blir premiert likt
- b) Persesyltekveld – evaluering  
Ein kan avgrensa talet på påmelde, til omlag ti (10), ev. vera på grende-  
kjøkkenet på Sinnes skule. Det må vera ein stad som har store gryter.
- c) Juleavslutning m/bondelaget – evaluering
- d) Veldig grei kveld, slik som tidlegare

**Sak 9/2025 Utsendingar til distriktsårsmøtet 13.-15. mars**

Sirdal bygdekvinnelag har 66 medlemmar, og "Lag med 21-70 medlemmer får 3 repr. (leder +2)". Åse-Berit melder på Ulla, Monica og Inger Marie.

**Sak 06/2025 Anna**

- a) Mottatt klage på program/Venners venner fest  
Me har mottatt e-post frå B20 v/Kristian Tronstad på at arrangementet vårt kolliderer med eitt hos dei. Me sjekka om det var andre arrangement denne kvelden på Sirdal frivilligsentral, og det var det ikkje. Marit svarar på e-posten.

Bygdekvinnelaget har òg fått spørsmål om det blir sett opp buss frå Øvre Sirdal til denne festen. Me kjem fram til at det blir sett opp buss frå Ådneram ved minimum 30 påmelde à kr. 150,- pr. person tur-retur, og ein må gje beskjed ved påmelding!

- b) Helleland BK arrangerer sonemøte 2. juni med same pris som i fjor. Sirdal BK sponsar kr. 150,- i år òg.
- c) Beredskap i kommunen: Ulla har hatt avtale med Siv Tone, og det blir møte i løpet av april. Sirdal kommune har ein plan, men har er ikkje oppdatert. Ulla er òg invitert til føredrag om litt og er med i ei gruppe om frivilligstrategi i kommunen. Kva rolle har Sirdal bygdekvinnelag og kva blir forventa i beredskapssamanheng?

Staten har innvilga fire millionar til "en egen tilskuddspott til frivillige mat- og omsorgsberedskapsorganisasjoner som i dag ikke er omfattet av statlige tilskudd for beredskapsorganisasjoner. Norges bygdekvinnelag er en slik organisasjon." Står det på [www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no). Det er så langt ikkje bestemt til kva og korleis.

- d) Bygdekvinnelaget har fått spørsmål frå Odd Kvinen og Sirdal huskyfarm om felles tur til Sigurdshedlar i 2026. Me held fram med bli kjend i bygdaturane, men det er lågterskelturar, og noko annleis enn turen til Sigurdshedlar, så me er ikkje interesserte. Det er i tillegg ein tøff tur, og var meir

naturleg som ein del av friluftslivet sitt år i 2025 der ein søkte om støtte frå tradisjon og kultur. Åse-Berit svarar.

**Sak 10/2025 Organisasjonsarbeid**

Me såg første del av video til tema 1 om bygdekvinnelaget og snakka gjennom spørsmåla, men då var møtetida over, og me held fram på neste styremøte.

Åse-Berit (skrivar)